

NISSEDAL KOMMUNE

Regelverk for tilskot til privat veg.

1. Private vegar skal ved dette regelverket sikrast eit forsvarleg vedlikehald, der grunnlaget ligg i eit kommunalt tilskot. Satsane pr. meter vert fastsette kvart år ved budsjettbehandlinga.
2. Veglengda vert målt som summen av alle samanhengande vegforgreiningar i veg-anlegget, frå offentleg veg fram til tun/garasje til kvar bustad.
3. Det vert ytt eit vedlikehaldstilskot pr m. veg til veganlegg med samla veglengde over 500 m. Det vert ikkje gjeve tilskot for dei fyrste 500 m.
4. Det er bare veg fram til hus som vert nytta som heilårsbustad som er omfatta av ordninga. I tvilstilfelle skal det leggst vekt på korleis bustaden vert behandla i andre saman-hengar: - renovasjon, vatn/kloakk/feiing, post etc. Tilskotet er derimot uavhengig av talet på bustader som soknar til vegen.
5. Det skal ikkje gjerast fråtrekk for næringsinteresser eller næringsomfang hjå brukarane. Tilskotet skal uavkorta tilfalle dei som opprettheld busetjinga. Tilskotet skal fordelast mellom oppsitjarane langs vegen i høve til den tilskotsberettiga veglengde kvar oppsitjar har. Dersom ikkje anna vert avtala, vert tilskotet fordelt og utbetala direkte til kvar av oppsitjarane.
6. For at vegen skal få tilskot må han tene minst ein heilårsbustad 1.januar. Vert ein veg teken i bruk til ein heilårsbustad i løpet av året, får vegen ikkje tilskot før året etter.
7. Vegar som er stengde med bom, får ikkje tilskot utan at dette er avklara i særskild sak i kommunestyret.
8. Det skal ikkje vere årleg søknadsplikt, men alle som tek imot tilskot er pliktige til å varsle kommunen om endringar som har konsekvensar for tilskotsutbetalinga. Urettmessig mottatt tilskot vil bli krevd tilbakebetala.
9. Det årlege tilskotet frå kommunen vert utbetala seinast 1.april kvart år.

Regelverket er godkjent av Nissedal kommunestyre 15.02.01, jfr. sak 002/01.